



Møteinnkalling

Utval:	Kontrollutvalet i Stord kommune
Møtestad:	Kommunestyresalen, Stord rådhus
Dato:	31.08.2021
Tid:	14:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Hogne Haktorson tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.

- Avbod frå Rigmor Svanberg. Her møter Peggy Husevik Bærøy i hennar stad
- Dersom det vert aktuelt at andre varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Hogne Haktorson møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Fredrik Litleskare
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 7/21 GK 8/21	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte 19.05.2021	2020/86	
	Politiske saker		
PS 29/21	Ny revisor - Deloitte AS - presenterer seg	2014/302	
PS 30/21	Rådmannen orienterer om oppfølging av nummerert brev nr. 5 frå KPMG	2019/132	
PS 31/21	Oppfølging - forvaltningsrevisjon plan- og byggesakshandsaming	2019/45	
PS 32/21	Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon innan beredskap	2020/190	
PS 33/21	Forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge - Forslag til prosjektplan	2021/41	
PS 34/21	Budsjett 2022 for kontrollarbeidet i Stord kommune	2019/140	
PS 35/21	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	2019/130	
PS 36/21	Eventuelt	2020/89	
	Referatsaker		
RS 16/21	Kst. vedtak 27.05.21 - Forum for oppvekst i Sunnhordland - Forvaltningsrevisjonsrapport	2020/98	
RS 17/21	FKT - Medlemsinformasjon juni 2021	2019/13	
RS 18/21	FKT - Invitasjon til Kontrollutvalgslederskolen 2021	2019/13	
RS 19/21	Folkevaldopplæring for kontrollutval i tidlegare Hordaland fylke 2022	2019/141	
	Politiske saker		
PS 37/21	Rogaland Revisjon IKS - Vurdering av om Stord kommune skal gå inn som eigar	2014/302	

Godkjenningssaker
GK 7/21 Godkjenning av innkalling og sakliste



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/86-36
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	8/21	31.08.2021

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 19.05.2021

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 19.05.2021 er lagt ved saka.



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet i Stord kommune
Møtestad:	Kommunestyresalen, Stord rådhus
Dato:	19.05.2021
Tid:	14:00 - 18:10

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Stian Djuvsland	Nestleiar	FRP
Rigmor Svanberg	Medlem	FRP
Astrid-Cecilie F. Aleksandersen	Medlem	AP
Tore Jubskås	Medlem	SP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Fredrik Litleskare	Leiar	H

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Sigmund M. Hope	Fredrik Litleskare	H

Merknader

I leiar sitt fråvær var det nestleiar som leia møtet.
KPMG v/ Sindre R. Dueland heldt kurs om habilitet i forkant av møtet, frå kl. 12.00.
Nestleiar takka patner Willy Hauge i KPMG for innsatsen i den 4-årige avtaleperioden til 30.06.21

Andre som møtte:

Namn	Stilling
Magnus Mjør	Rådmann, sak PS 20/21 - PS 23/21
Hege Etterlid	Økonomisjef, sak PS 20/21 - PS 23/21
Iren Dyrseth	Controller, sak PS 23/21
Inge Espenes	Einingsleiar, sak PS 20/21
Marianne Kolstø	Nestleiar i Stord Hamnstell, sak PS 20/21
Willy Hauge	Partner i KPMG tom. sak PS 28/21
Sindre R. Dueland	Forvaltningsrevisor i KPMG, tom. sak PS 26/21
Hogne Haktorson	Kontrollsjef Vestland fylkeskommune, Sekret. for kontr.utv.

Stian Djuvsland
fungerande utvalsleiar

Hogne Haktorson
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 5/21 GK 6/21	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte 19.04.2021	2020/86	
Politiske saker			
PS 20/21	Årsrekneskap og årsberetning 2020 for Stord hamnestell - Uttale frå kontrollutvalet	2019/132	
PS 21/21	Årsrekneskap og årsmelding Stord kommune for 2020 - Uttale frå kontrollutvalet	2019/132	
PS 22/21	Rådmannen orienterer om budsjettbrev 2021 frå statsforvaltaren	2019/132	
PS 23/21	Rådmannen orienterer om oppfølging av tilsyn	2019/129	
PS 24/21	Sak frå Stord FrP til kontrollutvalet - 2. gongs handsaming	2020/85	
PS 25/21	Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll	2019/133	
PS 26/21	Forvaltningsrevisjon innan beredskap i Stord kommune	2020/190	
PS 27/21	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	2019/130	
PS 28/21	Eventuelt	2020/89	
Referatsaker			
RS 10/21	KST RS 10/21 Revidering av eigarskapsmelding 2020 - 2021	2019/134	
RS 11/21	Svar på spørsmål til kommunestyret frå Katrin Ankervold, UA - gjeld forvaltningsrevisjon av FOS	2020/98	
RS 12/21	Arkivverket - Avslutning av tilsyn - Stord kommune (KST RS 16/21)	2019/129	
RS 13/21	FKT - medlemsinformasjon april 2021	2019/13	
RS 14/21	Epost fra Stord kommune	2020/85	
RS 15/21	KLAGE VEDR. SAKSBEHANDLING OG MANGLENDE TILTAK IFBM. MILJØUTSLIPP I STORD KOMMUNE	2020/85	

Godkjenningssaker

GK 5/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 19.05.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje inn merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 6/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 19.04.2021

Saksprotokoll 19.05.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje inn merknader til møteprotokoll frå møte 19.04.21.

Vedtak

Protokoll frå møte 19.04.21. vart godkjent.

Politiske saker

PS 20/21 Årsrekneskap og årsberetning 2020 for Stord hamnstell - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet registrerer at Stord hamn i 2020 har driftsinntekter på kr. 9 652 000 og eit netto driftsresultat er på - kr. 617 000. Det gjev eit driftsresultat på - 6,39 % (Sett opp mot sum driftsinntekter), dvs. godt under tilrådinga til TBU.
2. Kontrollutvalet støttar seg til KPMG sin uttale om den økonomiske situasjonen for Stord hamn for året 2020, og har ikkje øvrige merknader til denne enn dei som er omtalt i saksframlegget.
3. Uttalen vert send kommunestyret via utval for plan og utvikling og evt. via formannskapet.

Saksprotokoll 19.05.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Einingsleiar Inge Espenes og nestleiar i Stord Hamnstell Marianne Kolstø orienterte innleiingsvis om rekneskapen. Rådmann Magnus Mjør og økonomisjef Hege Etterlid var og til stades. Det kom fram at resultatet varierer ein del frå år til år, og er ikkje så bra dette året.

Partner Willy Hauge i KPMG fortalde at det var levert ei «rein» revisjonsmelding.

Kontrollutvalet merka seg informasjonen frå administrasjonen og frå revisor

Forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale

1. Kontrollutvalet registrerer at Stord hamn i 2020 har driftsinntekter på kr. 9 652 000 og eit netto driftsresultat er på - kr. 617 000. Det gjev eit driftsresultat på - 6,39 % (Sett opp mot sum driftsinntekter), dvs. godt under tilrådinga til TBU.
2. Kontrollutvalet støttar seg til KPMG sin uttale om den økonomiske situasjonen for Stord hamn for året 2020, og har ikkje øvrige merknader til denne enn dei som er omtalt i saksframlegget.
3. Uttalen vert send kommunestyret via utval for plan og utvikling og evt. via formannskapet.

PS 21/21 Årsrekneskap og årsmelding Stord kommune for 2020 - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Stord kommune sin årsrekneskap og årsberetning for 2020.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i nummerert brev nr. 5 frå KPMG om sjølvkost i sjølvkostforskrifta ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 08.09.2021 for å gjera grei for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådinga.

Saksprotokoll 19.05.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Rådmann Magnus Mjør orienterte innleiingsvis om rekneskapen. Økonomisjef Hege Etterlid supplerte. Rådmann og økonomisjef var bl.a. innom dette:

- Godt årsresultat i 2020 med netto driftsresultat på 65 mill. kroner, som tilsvarar 4 % av driftsinntektene.
- Det vart orientert om korleis korona-pandemien har påverka rekneskapstala, herunder mindre reiseutgifter, andre kostnader som har auka og om tilskot frå statleg hald.
- Av lånegjelda er 34 % relatert til sjølvkostområder.

Partner Willy Hauge i KPMG fortalde at det var levert ei «rein» revisjonsmelding.

Vidare informerte han også om forenkla etterlevingskontroll 2020 av økonomiforvaltninga.

Forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Stord kommune sin årsrekneskap og årsberetning for 2020.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i nummerert brev nr. 5 frå KPMG om sjølvkost i sjølvkostforskrifta ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 08.09.2021 for å gjera grei for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådinga.

PS 22/21 Rådmannen orienterer om budsjettbrev 2021 frå statsforvaltaren

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 19.05.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Rådmann Magnus Mjør orienterte om vurderingar relatert til innhaldet i statsforvaltaren sitt budsjettbrev 2021 til Stord kommune. Økonomisjef Hege Etterlid supplerte

Rådmannen informerte og var bl.a. innom desse punkta:

- Skatteanslaget er bra no - med 5,2 mill. kroner i meirinntekt t.o.m. april 2021.
- Kommunen har definert fleire eigne økonomiske måltal, men ikkje for lånegjeld.
- Det har td. vore store investeringar med ungdomsskular siste åra.
- Sjølv om kommunen har relativt høg lånegjeld, så er det andre økonomiske måltal der kommunen kjem betre ut.

Det kom fram i drøftinga her og under sak til møtet om årsrekneskapen at lånegjelda til Stord kommune var på 127,5 % samanlikna med driftsinntektene i 2020, medan Riksrevisjonen tilkrår at lånegjelda ikkje er over 75 %.

Forslag til vedtak frå Stian Djuvsland, som han meinte kunne vera eit «signal» frå utvalet:

Kontrollutvalet ber kommunestyret ta inn over seg Statsforvaltaren i Vestland sitt brev om høg lånegjeld og fortsatt stort behov for investering.

Forslag til vedtak frå Stian Djuvsland vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet ber kommunestyret ta inn over seg Statsforvaltaren i Vestland sitt brev om høg lånegjeld og fortsatt stort behov for investering.

PS 23/21 Rådmannen orienterer om oppfølging av tilsyn

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 19.05.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Controller Iren Dyrseth orienterte om oppfølging av tilsyn frå 2020. Rådmannen var og tilstades under orienteringa.

Det kom fram at alle avvik i det alt vesentlege var lukka eller følgt opp på ein god måte.

Orienteringa til kontrollutvalet er skriftleggjort. Sekretariatet vil motta denne etter møtet, slik at den kan formidlast vidare til utvalet sine medlemmar.

Vedtak i saka var samrøystes

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 24/21 Sak frå Stord FrP til kontrollutvalet - 2. gongs handsaming

Forslag til vedtak

Lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 19.05.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Kontrollutvalsleiar og nestleiar hadde slik forslag til vedtak:

I sak PS 24/21 er det tatt opp fleire tilhøve:

1. Arbeid med innløyning av eigedom i Podlen, Sagvåg var ikkje ferdig før ein starta arbeidet.
2. Det vart nytta hasteparagraf for riving av dam i 2021 for forhold som vart påpeikt i 2018/2019 av NVE.
3. Det vart ikkje søkt om utsleppsløyve før utsleppet av kloakk i Sagvåg var påbegynt.

I tillegg vart det tatt opp manglande svar på spørsmål frå folkevalde.

Kontrollutvalet finn at tilhøva i dei tre konkrete sakene er kritikkverdige.

Kontrollutvalet finn at å ikkje svare på spørsmål frå folkevalde er kritikkverdig.

Kontrollutvalet vil kome attende til saka om utslepp når Multiconsult sin rapport frå kartlegginga av havbotnen i Sagvåg føreligg, og forutset at denne blir sendt kontrollutvalet.

Forslaget frå leiar og nestleiar vart samrøystes vedteke.

Vedtak

I sak PS 24/21 er det tatt opp fleire tilhøve:

1. Arbeid med innløyasing av eigedom i Podlen, Sagvåg var ikkje ferdig før ein starta arbeidet.
2. Det vart nytta hasteparagraf for riving av dam i 2021 for forhold som vart påpeikt i 2018/2019 av NVE.
3. Det vart ikkje søkt om utseppsløyve før utseppet av kloakk i Sagvåg var påbegynt.

I tillegg vart det tatt opp manglande svar på spørsmål frå folkevalde.

Kontrollutvalet finn at tilhøva i dei tre konkrete sakene er kritikkverdige.

Kontrollutvalet finn at å ikkje svare på spørsmål frå folkevalde er kritikkverdig.

Kontrollutvalet vil kome attende til saka om utsepp når Multiconsult sin rapport frå kartlegginga av havbotnen i Sagvåg føreligg, og forutset at denne blir sendt kontrollutvalet.

PS 25/21 Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet har intensjon om at det vert gjennomført slik revisjon:
2. Utvalet ber den som er kommunen sin revisor pr. 01.07.2021 om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evt. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber om at prosjektplan vert levert til sekretariatet seinast 16.08.2021.
4. Kontrollutvalet handsamar prosjektplanen i møte 06.09.2021.

Saksprotokoll 19.05.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Kontrollutvalet ønskjer at neste revisjon omhandlar førebyggjande arbeid for barn og unge. Utover omtale om slik prosjekt i kommunen sin «Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024», og tilhøyrande «Risiko- og vesentlegvurdering», kom slike innspel / moment fram i møtet:

- Korona
- Familievold
- «Bak lukka dører»
- Rus
- Isolasjon
- Auke i psykiske vanskar blant unge.

Forslag til vedtak, inkl. namngjeve prosjekt i pkt. 1, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet har intensjon om at det vert gjennomført slik revisjon: Førebyggande arbeid for barn og unge
2. Utvalet ber den som er kommunen sin revisor pr. 01.07.2021 om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evt. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber om at prosjektplan vert levert til sekretariatet seinast 16.08.2021.
4. Kontrollutvalet handsamar prosjektplanen i møte 06.09.2021.

PS 26/21 Forvaltningsrevisjon innan beredskap i Stord kommune

Forslag til innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan beredskap i Stord kommune ber kommunestyret rådmannen syta for vurderingar og utarbeiding av aktuelle tiltaksplanar i høve desse tilrådingane:

- A1. Kommunen bør utarbeide ny ROS-analyse så snart som mogleg.
- A2. Kommunen bør etablere ein tydelig plan for krisekommunikasjon som del av overordna beredskapsplan.
- B1. Kommunen bør vurderer å auke årsverk knytt til arbeid med beredskap på administrativt nivå i kommunen.
- B2. Kommunen bør planlegge for fullstendig bortfall av IKT-tenester i kommunen.
- B3. Kommunen bør vurdere å gjennomføre ei fullskalaøving med bortfall av alle digitale tenester, inkludert naudnett, DAB-radio, satellitt-kommunikasjon, etc.
- B4. Kommunen bør synleggjere korleis forskjellige risiko- og tryggleiksfaktorar kan verke inn på kvarandre ved neste revidering av ROS, spesielt i samband med IKT.
- B5. Kommunen bør kontrollere at planane vert reviderte jamleg for å sikre at dei blir levande dokument. Alle planar bør òg syna kva tid planane er reviderte og oppdaterte.
- B6. Kommunen bør etablere rutinar for dokumentasjon av gjennomgang av beredskapsplanar for tilsette.
- B7. Kommunen bør etablere eit system der revidert plan må godkjennast av andre enn den som har ansvar for den konkrete planen for å bli rekna som revidert.
- B8. Kommunen bør ha rutinar for å gjere skriftlege evalueringar ved øvingar som avdekker forbettringspotensial.
- C1. Kommunen bør vurdere å inngå avtale om beredskap med fleire overnattingsstader i, eller i tilknytning til, kommunen.
- C2. Kommunen bør vurdere om dei tilsette bør vere meir aktivt med i revisjon av planane.
- C3. Kommunen bør vurdere om tilsette kan gis opplæring i beredskapsarbeidet i eiga eining.
- C4. Kommunen bør vurdere å samle arbeidet med IT-tryggleik, plan for opplæring i IT-tryggleik og oppfølging av opplæring i IT-tryggleik på same stad i kommunen, for å sikre betre oversyn over den generelle IT-tryggleika.

Rådmannen vert og beden om:

- D1. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.10.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.
- D2. At tilråding om tiltak innan beredskap som kreiv politiske vedtak, vert teke opp som politisk sak etterkvart, i dei organ som har innstillingskompetanse og vedtakskompetanse.

Saksprotokoll 19.05.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Sindre R. Dueland orienterte innleiingsvis om den gjennomførte forvaltningsrevisjonen.

Etter sams drøfting kom det framlegg om to endringar:

- B1. Kommunen skal vurdere å styrka ressursar innafor eksisterande rammer knytt til arbeid med beredskap på administrativt nivå i kommunen.

Omgrepet «bør» vert endra til «skal» i alle punkt under A, B og C, med unntak av B2, B3 og C4.

Forslag til vedtak, inkl. dei to framlegga om endringar, vart samrøystes vedteke.

Innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan beredskap i Stord kommune ber kommunestyret rådmannen syta for vurderingar og utarbeiding av aktuelle tiltaksplanar i høve desse tilrådingane:

- A1. Kommunen skal utarbeide ny ROS-analyse så snart som mogleg.
- A2. Kommunen skal etablere ein tydelig plan for krisekommunikasjon som del av overordna beredskapsplan.

- B1. Kommunen skal vurdere å styrka ressursar innafor eksisterande rammer knytt til arbeid med beredskap på administrativt nivå i kommunen.
- B2. Kommunen bør planlegge for fullstendig bortfall av IKT-tenester i kommunen.
- B3. Kommunen bør vurdere å gjennomføre ei fullskalaøving med bortfall av alle digitale tenester, inkludert naudnett, DAB-radio, satellitt-kommunikasjon, etc.
- B4. Kommunen skal synleggjere korleis forskjellige risiko- og tryggleiksfaktorar kan verke inn på kvarandre ved neste revidering av ROS, spesielt i samband med IKT.
- B5. Kommunen skal kontrollere at planane vert reviderte jamleg for å sikre at dei blir levande dokument. Alle planar skal òg syna kva tid planane er reviderte og oppdaterte.
- B6. Kommunen skal etablere rutinar for dokumentasjon av gjennomgang av beredskapsplanar for tilsette.
- B7. Kommunen skal etablere eit system der revidert plan må godkjennast av andre enn den som har ansvar for den konkrete planen for å bli rekna som revidert.
- B8. Kommunen skal ha rutinar for å gjere skriftlege evalueringar ved øvingar som avdekkjer forbettringspotensial.

- C1. Kommunen skal vurdere å inngå avtale om beredskap med fleire overnattingsstader i, eller i tilknytning til, kommunen.
- C2. Kommunen skal vurdere om dei tilsette bør vere meir aktivt med i revisjon av planane.
- C3. Kommunen skal vurdere om tilsette kan gis opplæring i beredskapsarbeidet i eiga eining.
- C4. Kommunen bør vurdere å samle arbeidet med IT-tryggleik, plan for opplæring i IT-tryggleik og oppfølging av opplæring i IT-tryggleik på same stad i kommunen, for å sikre betre oversyn over den generelle IT-tryggleika.

Rådmannen vert og beden om:

- D1. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.10.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.
- D2. At tilråding om tiltak innan beredskap som krev politiske vedtak, vert teke opp som politisk sak etterkvart, i dei organ som har innstillingskompetanse og vedtakskompetanse.

PS 27/21 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll 19.05.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Protokollar frå ulike møter vart gjennomgått, derav Utval for oppvekst og kultur, møte 04.05.21, sak PS 6/21.

Kontrollutvalet merka seg opplysningar om samarbeid som har vore mellom SFO og kulturskulen, og vil forhøyra seg litt meire om det hjå rådmannen.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Utval for oppvekst og kultur, møte 04.05.21, sak PS 6/21.

Kontrollutvalet merka seg opplysningar om samarbeid som har vore mellom SFO og kulturskulen, og vil forhøyra seg litt meire om det hjå rådmannen.

Kontrollutvalet tar elles møteprotokollane til orientering.

PS 28/21 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 19.05.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko anna her, enn det som var oppe i andre saker til møtet.

Vedtak

Ingen vedtak fatta.

Referatsaker

RS 10/21 KST RS 10/21 Revidering av eigarskapsmelding 2020 - 2021

Saksprotokoll 19.05.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

RS 11/21 Svar på spørsmål til kommunestyret frå Katrin Ankervold, UA - gjeld forvaltningsrevisjon av FOS

Saksprotokoll 19.05.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Det vart opplyst om at same representanten stilte spørsmål om Forum for opplæring i Sunnhordland (FOS) i Formannskapet sitt møte 12.05.21. Spørsmål og svar går fram av protokoll frå det møtet, i sak IS 3/21.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

RS 12/21 Arkivverket - Avslutning av tilsyn - Stord kommune (KST RS 16/21)

Saksprotokoll 19.05.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

RS 13/21 FKT - medlemsinformasjon april 2021

Saksprotokoll 19.05.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

RS 14/21 Epost fra Stord kommune

Saksprotokoll 19.05.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

**RS 15/21 KLAGE VEDR. SAKSBEHANDLING OG MANGLENDE TILTAK IFBM.
MILJØUTSLIPP I STORD KOMMUNE**

Saksprotokoll 19.05.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

Politiske saker
PS 29/21 Ny revisor - Deloitte AS - presenterer seg



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2014/302-74
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	29/21	31.08.2021

Ny revisor - Deloitte AS - presenterer seg

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet takkar for presentasjon av Deloitte AS, som ny revisor.
2. Deloitte merkar seg aktuelle saker i hausthalvåret 2021.

Samandrag

Stord kommunestyre har vald Deloitte AS som ny revisor fom. 01.07.2021. Dette er første kontrollutvalsmøte etter oppstart av oppdraget. I saka er lagt opp til gjensidig presentasjon, samt informasjon om nokre aktuelle kontrollutvalssaker hausten 2021, der revisjonen er sentral.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Kst. vedtak 27.05.21 - Val av revisor for Stord kommune - tilråding frå kontrollutvalet

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Stord kommunestyre har vald Deloitte AS som ny revisor fom. 01.07.2021. Dette er første kontrollutvalsmøte etter oppstart av oppdraget. I saka er lagt opp til gjensidig presentasjon.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet.

Vurderingar og verknader

Deloitte AS er ikkje ukjend med Stord kommune, ettersom dei var kommunen sin revisor tom. 30.06.2017. Når dei no startar på ein ny avtaleperiode, og kontrollutvalet er annleis samansett, er det naturleg at revisor og utval presenterer seg for kvarandre. Ordførar og rådmann er og invitert til å vera tilstades på denne saka, dersom det høver for dei.

Revisjonsoppdraget er i utgangspunktet på fire år - tom. 30.06.2025, men som det går fram av anna sak til dette møtet, så vurderer Stord kommune revisjonsordninga. Vidare politisk prosess får visa kva som skjer med den saka.

Ny revisor må få tid til å gjera seg kjent med kommunen, før alle planar for arbeidet er lagt. Derfor er ikkje revisjonen enno blitt utfordra ift. desse sakene, som er aktuelle hausten 2021:

- Revisjonsplan 2021 for Stord kommune
- Risikovurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga 2021
- Vurdering av om Deloitte AS er uavhengig ift. Stord kommune
- Aktuelle kurs som Deloitte AS kan tilby som del av fastprisavtalen

Det kan vera aktuelt å leggja opp ein plan for handsaming av desse sakene, i møtet.

Ansvarleg revisor for oppdraget er Else Holst-Larsen. Ho blir med på møtet. Opp mot kontrollutvalet arbeidar ho mest med rekneskapsrevisjon. Forvaltningsrevisjonseininga i Deloitte vil og vera representert på møtet.

Konklusjon

Det vert lagt opp til gjensidig presentasjon mellom revisor og kontrollutval i møtet - evt. og at ordførar og rådmann er til stades. Vidare er det lagt opp til dialog rundt nokre aktuelle saker som revisjonen må arbeida med i hausthalvåret 2021.

Sekretariat for kontrollutvalet

Vår dato: 31.05.2021
Vår ref: 2020/3569 - 16516/2021 / 027
Dykkar ref:

Val av revisor for Stord kommune - tilråding frå kontrollutvalet

Saksprotokoll i Kommunestyret - 27.05.2021

Vedtak

Kommunestyret i Stord kommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2021 – 30.06.2025

Handsaming

Samrøystes vedteke

Med helsing

Marit Annie Åkra
møtesekretær

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/132-91
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	30/21	31.08.2021

Rådmannen orienterer om oppfølging av nummerert brev nr. 5 frå KPMG

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Samandrag

Rådmannen vil informera om oppfølging av nummerert brev nr. 5 frå KPMG. Om det ikkje kjem fram noko som krev ytterlegare oppfølging, tilrår sekretariatet at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 KPMG attestasjonsuttale etter etterlevelseskontroll
- 2 Nummerert brev nr. 5 frå KPMG

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I kontrollutvalet sitt møte 19.05.21., var det oppe sak om årsrekneskap 2020 i Stord kommune. Det var i sak PS 21/21. Her vart det gjort slik vedtak:

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Stord kommune sin årsrekneskap og årsberetning for 2020.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i nummerert brev nr. 5 frå KPMG om sjølvkost i sjølvkostforskrifta ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 08.09.2021 for å gjera grei for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådinga.

Denne saka gjeld punkt 2 i vedtaket.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka jmf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Det omhandlar altså sjølvkost etter sjølvkostforskrifta.

Rådmannen er invitert inn i møtet, jmf. kontakt på SMS 16.06.21 og i epost av 20.08.21., for å gje ei orientering.

Konklusjon

Som utgangspunkt tilrår sekretariatet at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Til Kontrollutvalget i Stord kommune

Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen i Stord kommune

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Stord kommunes etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på følgende områder:

Etterlevelse av kommuneloven § 15-1 og forskrift om beregning av samlet selvkost for kommunale og fylkeskommunale gebyrer (selvkostforskriften) på områdene vann, avløp og renovasjon. Renovasjonsgebyr er ikke kontrollert siden selvkost for dette beregnes av Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS, slik at for renovasjon har kontrollen vært avgrenset til gebyr for slamtømming.

Kontrollen har vært utført ut fra følgende kriterier:

- Er de områdene der kommunen regner selvkost på VAR-området hjemlet i lovgivning?
- Finnes det en kalkyle som underbygger fastsatte gebyr?
- Vert det utarbeidet et regnskap som kontrollerer selvkost i ettertid?
- Tar kalkyle og regnskap opp i seg de elementene som kan/skal inngå etter selvkostforskriften, herunder om fordelingsnøkler som er brukte er baserte på «fornuftige» grunnlagsdata?
- Følger kommunen med på over- og underskudd og avregner dette innenfor de tidsperiodene som er gitt i lovgivningen?

Ledelsens ansvar for etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen

Rådmannen er ansvarlig for å etablere administrative rutiner som sørger for at økonomiforvaltningen utøves i tråd med bestemmelser og vedtak, og at økonomiforvaltningen er gjenstand for betryggende kontroll.

Vår uavhengighet og kvalitetskontroll

Vi er uavhengige av kommunen i overenstemmelse med lov og forskrift og Code of Ethics for Professional Accountants (IESBA Code) og med de etiske kravene som er relevante for vårt oppdrag, og vi har oppfylt våre etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene og IESBA Code. Vi anvender ISQC 1 [NORSK] – Kvalitetskontroll for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og forenklet revisorkontroll av regnskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester og opprettholder et omfattende system for kvalitetskontroll inkludert dokumenterte retningslinjer og prosedyrer vedrørende etterlevelse av etiske krav, faglige standarder og gjeldende lovmessige og regulatoriske krav.

Våre oppgaver og plikter

Vår oppgave er å avgi en uttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på grunnlag av bevisene vi har hentet inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerhet i samsvar med kommunelovens regler og RSK 301 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen. Standarden krever at vi planlegger og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerhet for hvorvidt det foreligger vesentlige feil eller mangler ved etterlevelse av bestemmelser og vedtak i kommunens økonomiforvaltning på det området vi har foretatt forenklet etterlevelseskontroll. Vi baserer oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering som er lagt frem for kontrollutvalget.

Utføring av et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet i henhold til RSK 301, innebærer å utføre handlinger for å innhente bevis for at bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen etterleves. Typen, tidspunktet for og omfanget av de valgte handlingene avhenger av revisors skjønn. Moderat sikkerhet har klart lavere sikkerhetsgrad enn betryggende sikkerhet, og vi gir derfor ikke uttrykk for samme nivå av sikkerhet som i en revisjonsberetning.

Vi mener at vi har innhentet tilstrekkelig og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Stord kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene om selvkost i selvkostforskriften i henhold til våre revisjonskriterier ovenfor.

Andre forhold

Detaljert gjennomgang viser at det for kostnadsfordelinger som i noen grad er basert på skjønn, så foreligger det ikke dokumentasjon som viser på hvilket grunnlag skjønnnet er utøvd. I noen tilfeller er det heller ikke oppgitt kilde for data som tas inn i modellen. Bedre dokumentasjon av grunnlaget for skjønn og kilde for tallmateriale vil øke muligheten for å kontrollere slike poster i ettertid.

Begrensning i bruk

Denne uttalelsen er utelukkende utarbeidet for å gi kontrollutvalget et bedre grunnlag for å ivareta sitt påse ansvar med økonomiforvaltningen og til Stord kommunes informasjon, og skal ikke brukes til noe annet formål.

Stord, 30. april 2021
KPMG AS

Willy Hauge
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Willy Hauge

Statsautorisert revisor

På vegne av: KPMG

Serienummer: 9578-5993-4-1629898

IP: 80.232.xxx.xxx

2021-04-30 08:24:33Z



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>



KPMG AS
Sæ 136
N-5417 Stord

Telephone +47 04063
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Stord kommune
Kontrollutvalget

Deres ref

Vår ref

Kopi: Rådmann

30. april 2021

Forenklet etterlevelseskontroll 2020 - Brev til ledelsen nr 5

I forbindelse med innføring av ny kommunelov kom det en ny bestemmelse om forenklet etterlevelseskontroll av økonomiforvaltningen (kommunelovens § 24-9). Denne er nå gjennomført og vi har sett forhold vi ønsker å ta opp i form av nummerert brev.

Observasjon og anbefaling

Etter forskrift om beregning av samlet selvkost for kommunale og fylkeskommunale gebyrer (selvkostforskriften) § 9 skal kommunen ha dokumentasjon av hvordan beregningen av samlet selvkost er gjort.

Vår kontroll viste at det for kostnadsfordelinger som i noen grad er basert på skjønn, så foreligger det ikke dokumentasjon som viser på hvilket grunnlag skjønnet er utøvd. I noen tilfeller er det heller ikke oppgitt kilde for data som tas inn i modellen. Bedre dokumentasjon av grunnlaget for skjønn og kilde for tallmateriale vil øke muligheten for å kontrollere slike poster i ettertid.

Vi anbefaler kommunen å etablere rutiner for dokumentasjon av grunnlag for skjønn i selvkostberegningene og å dokumentere kilde for alt tallgrunnlag som tas inn i modellene. Dette vil bedre muligheten for kontroll i ettertid.

Vi har ikke observert indikasjoner på at utøvd skjønn ikke har vært fornuftig, men bedre dokumentasjon av grunnlaget for utøvd skjønn kunne gitt grunnlag for å gjøre bedre vurderinger rundt hvorvidt utøvd skjønn har vært fornuftig.

Konklusjon

På bakgrunn av observasjonene har vi funnet at vi kan konkludere positivt, men presiserer i avsnitt «Andre forhold» at dokumentasjon i enkelte tilfeller kunne vært bedre med følgende ordlyd:

«Detaljert gjennomgang viser at det for kostnadsfordelinger som i noen grad er basert på skjønn, så foreligger det ikke dokumentasjon som viser på hvilket grunnlag skjønnet er utøvd. I noen tilfeller er det heller ikke oppgitt kilde for data som tas inn i modellen. Bedre dokumentasjon av grunnlaget for skjønn og kilde for tallmateriale vil øke muligheten for å kontrollere slike poster i ettertid.»

Vennlig hilsen
KPMG AS

Willy Hauge
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Willy Hauge

Statsautorisert revisor

På vegne av: KPMG

Serienummer: 9578-5993-4-1629898

IP: 80.232.xxx.xxx

2021-04-30 08:24:33Z



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/45-30
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	31/21	31.08.2021

Oppfølging - forvaltningsrevisjon plan- og byggesakshandsaming

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet er skuffa over at det ikkje er motteke ny skriftleg rapportering i samband med forvaltningsrevisjon om plan og byggesakshandsaming, sjølv om det var god frist på denne.
2. Utvalet tar rådmannen sin informasjon i møtet til orientering.
3. Kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til møte 02.12.2021. Statusrapporten vert å oversenda til sekretariatet innan 11.11.2021.

Samandrag

Denne saka er kontrollutvalet sin tredje oppfølging av vedtak gjort i kommunestyret 14.05.2020, gjeldande forvaltningsrevisjonsrapport om plan og byggesakshandsaming i Stord kommune.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Stord kommune gjorde slik vedtak i sak PS 21/20 i møte 14.05.2020:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan plan og byggesakshandsaming ber kommunestyret rådmannen syta for å:

1. Følgje opp og avklare behovet for å implementere eit eige sakshandsamingssystem for byggesakshandtering.
2. Iverksette tiltak for å sikre at avvikssystemet også vert nytta innanfor byggesakshandsaminga.
3. Etablere arbeidsrutinar som sikrar gjennomføring og oppfølging av tilsyn, irekna å vurdere om dei har tilstrekkelig kapasitet for å gjennomføre tilsyn i samsvar med målsetting og regelverk.
4. Etablere og implementere tydelege samhandlingsrutinar mellom Regulering, bygg og Oppmåling (RBO), Stord kommunalteknikk (SKT) og vegmynde.
5. Prioritere arbeidet med å oppdatere det kommunale planverket.
6. Sikre at all relevant rådgjeving og rettleiing vert dokumentert i samsvar med forvaltningslova.
7. Etablere tiltak for å sikre at førebels svar vert sendt ut på alle byggesaker kor sakshandsaminga overgår fire veker.
8. Det vert laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.09.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Handlingsplan i tråd med punkt 8 over vart handsama i møte i kontrollutvalet 08.09.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ser positivt på det betringsarbeidet som er satt i gong i samband med forvaltningsrevisjon om plan og byggesakshandsaming
2. Kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til første møte i 2021. Statusrapporten vert å oversenda til sekretariatet innan 15.01.2021.

Oppfølging i tråd med punkt 2 over vart handsama i møte i kontrollutvalet 04.03.2021 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ser positivt på at betringsarbeidet er kome noko lenger enn ved forrige rapportering i samband med forvaltningsrevisjon om plan og byggesakshandsaming.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til møte 06.09.2021. Statusrapporten vert å oversenda til sekretariatet innan 16.08.2021.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Frå tilsvarande sak i kontrollutvalet sitt møte 04.03.2021, var dette medteke:

Sekretariatet fekk oversendt vedlagte brev og oppdatert handlingsplan pr. 15.01.2021 frå Stord kommune. Den oppdatert handlingsplanen inneheld status for oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen på ein strukturert og klar måte.

Sekretariatet ser positivt på at betringsarbeidet er kome noko lenger enn ved forrige rapportering m.a. ved at punkt 6 og 7 no er ferdig gjennomført. Vidare går det fram av tilbakemeldinga at ein del

av betringsarbeid er vorte forseinka grunna korona og heimekontor og difor ikkje er vorte ferdig innan dei fristane som var sett i handlingsplanen.

På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet be rådmannen om å få ny skriftleg status på oppfølgingsarbeidet til møte 06.09.2021.

Nye merknader til møtet 31.08.2021.

Ved handsaming av saka i møte 04.03.21, var bl.a. rådmann og plansjef tilstades. Dette vart teke med i protokollen, under «handsaming i møtet»:

«I ordskiftet kom det fram at fagavdelinga er i gong med integrering av eit dataprogram - E-byggesak.

Plansjefen orienterte om utfordringar med bemanninga, bl.a. relatert til fleire fødselspermisjonar og vanskar med å få tak i erfarne kvalifiserte vikarar.

Rådmannen vart invitert til å gje ei munnleg orientering i utvalet sitt møte i september, i tillegg til den skriftlege orienteringa som går fram av vedtakspunkt nr. 2.»

Partsbrev om oppfølging vart sendt Stord kommune 12.03.21

Det vart sendt slik epost til Stord kommune 20.08.2021:

Viser til epost av 12.03.21 gjeldande «Oppfølging - forvaltningsrevisjon om plan og byggesakshandsaming».

Skriftleg tilbakemelding

- *Kan ikkje sjå at det er motteke noko svar innan fristen 16.08.21, jmf. mi utguling.*
- *Kontrollutvalet sitt møte er flytta fram til 31.08.21., med innkalling planlagt utsendt 24.08.21.*
- *Det er såleis tvilsamt at me rekk å få med skriftleg tilbakemelding før utsending, men send over til sekretariatet så snart det er klart.*

Munnleg orientering

- *Rådmannen er kjent med at møte i kontrollutvalet er flytta fram til 31.08.21.*
- *Ønskje om at han deltar frå møtestart kl. 14.00 i kommunestyresalen.*
- *Eigen epost om alle saker rådmannen bør delta på.*

Noko skuffande at det ikkje er motteke ny tilbakemelding, ettersom det er over 5 månader frå frist vart sett til kontrollutvalet ville ha statusrapport.

I samråd med kontrollutvalsleiar vert likevel saka sett på dagsorden.

Konklusjon

Sekretariatet rår til at kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjon om plan og byggesakshandsaming i Stord kommune, til møte 02.12.2021, samt at det vert uttrykt skuffelse over at skriftleg statusrapport ikkje vart motteken innan fristen 16.08.2021. Ny statusrapport vert å senda til sekretariatet innan 11.11.2021.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/190-31
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	32/21	31.08.2021

Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon innan beredskap

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det forbetningsarbeidet som er sett i gang i samband med forvaltningsrevisjon innan beredskap i Stord kommune.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til siste møte i utvalet for sumaren 2022. Statusrapporten bes levert sekretariatet seinast 3 veker før møtedato.

Samandrag

Denne saka er kontrollutvalet sin første oppfølging av vedtak gjort i kommunestyret 27.05.2021, gjeldande forvaltningsrevisjonsrapport innan beredskap.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Forvaltningsrevisjon beredskap Stord kommune - tilbakemelding til kontrollutvalet
- 2 Prioritert handlingsplan etter forvaltningsrevisjon innan beredskap (003)

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Stord kommune gjorde i møte 27.05.2021 slikt vedtak i samband med handsaming av forvaltningsrevisjonsrapport innan beredskap:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan beredskap i Stord kommune ber kommunestyret rådmannen syta for vurderingar og utarbeiding av aktuelle tiltaksplanar i høve desse tilrådingane:

- A1. Kommunen skal utarbeide ny ROS-analyse så snart som mogleg.*
- A2. Kommunen skal etablere ein tydelig plan for krisekommunikasjon som del av overordna beredskapsplan.*

- B1. Kommunen skal vurdere å styrka ressursar innafor eksisterande rammer knytt til arbeid med beredskap på administrativt nivå i kommunen.*
- B2. Kommunen bør planlegge for fullstendig bortfall av IKT-tenester i kommunen.*
- B3. Kommunen bør vurdere å gjennomføre ei fullskalaøving med bortfall av alle digitale tenester, inkludert naudnett, DAB-radio, satellitt-kommunikasjon, etc.*
- B4. Kommunen skal synleggjere korleis forskjellige risiko- og tryggleiksfaktorar kan verke inn på kvarandre ved neste revidering av ROS, spesielt i samband med IKT.*
- B5. Kommunen skal kontrollere at planane vert reviderte jamleg for å sikre at dei blir levande dokument. Alle planar skal òg syna kva tid planane er reviderte og oppdaterte.*
- B6. Kommunen skal etablere rutinar for dokumentasjon av gjennomgang av beredskapsplanar for tilsette.*
- B7. Kommunen skal etablere eit system der revidert plan må godkjennast av andre enn den som har ansvar for den konkrete planen for å bli rekna som revidert.*
- B8. Kommunen skal ha rutinar for å gjere skriftlege evalueringar i etterkant av øvingar.*

- C1. Kommunen skal vurdere å inngå avtale om beredskap med fleire overnattingsstader i, eller i tilknytning til, kommunen.*
- C2. Kommunen skal vurdere om dei tilsette bør vere meir aktivt med i revisjon av planane.*
- C3. Kommunen skal vurdere om tilsette kan gis opplæring i beredskapsarbeidet i eiga eining.*
- C4. Kommunen bør vurdere å samle arbeidet med IT-tryggleik, plan for opplæring i IT-tryggleik og oppfølging av opplæring i IT-tryggleik på same stad i kommunen, for å sikre betre oversyn over den generelle IT-tryggleika.*

Rådmannen vert og beden om:

- D1. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01. 10.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*
- D2. At tilråding om tiltak innan beredskap som krev politiske vedtak, vert teke opp som politisk sak etterkvart, i dei organ som har innstillingskompetanse og vedtakskompetanse.»*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet mottok vedlagte handlingsplan 21.07.2021 frå Stord kommune, som inneheld oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen.

Sekretariatet ser positivt på det forbetningsarbeidet som er sett i gang i samband med forvaltningsrevisjon innan beredskap. Det går fram av handlingsplanen at mykje av forbetningsarbeidet er starta opp og at det meste skal vera ferdig i løpet av 2022. På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet be rådmannen om å få ny skriftleg status på oppfølgingsarbeidet til siste møte i utvalet før sumaren 2022.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltingsrevisjon innan beredskap til siste møte i utvalet før sumaren 2022. Statusrapporten bes levert sekretariatet seinast 3 veker før møtedato.

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900

5020 Bergen

Vår dato: 21.07.2021
Vår ref: 2020/4877 - 21421/2021 / 217
Dykkar ref:

Forvaltningsrevisjon beredskap Stord kommune - tilbakemelding til kontrollutvalet

Syner til vedtak i kontrollutvalet 19.05.21. I vedtaket ber kontrollutvalet rådmannen om:

«D1.

Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.10.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

D2.

At tilråding om tiltak innan beredskap som krev politiske vedtak, vert teke opp som politisk sak etterkvart, i dei organ som har innstillingskompetanse og vedtakskompetanse.»

Vedtaket samsvarar med vedtak i kommunestyret 27.05.21.

Vedlagt føl prioritert handlingsplan.

Med helsing

Magnus Mjør
Rådmann

Knut J. Gram
Kommunalsjef

Prioritert handlingsplan etter forvaltningsrevisjon innan beredskap – oppfølging av vedtak i kontrollutvalet (19.05.21) og kommunestyret (27.05.21)

Me syner til tilbakemeldinga frå KPMG og er tilfredse med at dei skriv: « Det overordna inntrykket er at Stord kommune tek i vare beredskapen i kommunen på ein svært god måte, og at det trass i enkelte forbedringspunkter gjort eit tydeleg og godt arbeid med beredskapen i kommunen. Det overordna inntrykket av beredskapen i Stord kommune er at beredskapen i kommune er godt teke i vare gjennom ei pro-aktiv tilnærming, effektiv samhandling på tvers av einingar og god kjennskap til kommunen i toppleiinga.»

I vedtaket ber kontrollutvalet rådmannen om:

D1.

Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.10.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

D2.

At tilråding om tiltak innan beredskap som krev politiske vedtak, vert teke opp som politisk sak etterkvart, i dei organ som har innstillingskompetanse og vedtakskompetanse.

Vedtaket samsvarar med vedtak i kommunestyret 27.05.21

Tilråding/ tiltak	Kommentar	Tidsfrist	Ansvar
A1. Kommunen skal utarbeide ny ROS-analyse så snart som mogleg.	Arbeidet er i gong og vert utført saman med Fitjar kommune. Det er inngått avtale med Einang Safety AS om bistand til arbeidet.	2021	KJG
A2. Kommunen skal etablere ein tydelig plan for krisekommunikasjon som del av overordna beredskapsplan	Arbeidet startar opp hausten 2021	2021	HSC
B1. Kommunen skal vurdere å styrka ressursar innafor eksisterande ramar knytt til arbeid med beredskap på administrativt nivå i kommunen.	Skal vurderast i samband med rullering av økonomiplanen.	2021	MMJ

B2. Kommunen bør planlegge for fullstendig bortfall av IKT-tenester i kommunen.	Det er dei ulike einingane som må ha beredskap/plan for kva dei gjer ved bortfall av IKT- tenester. IKT eininga syt for det som handlar om drifta. Plan for dette skal inn i planverket for dei ulike einingane	2022	Einingsleiarane i samarbeid med IKT eininga.
B3. Kommunen bør vurdere å gjennomføre ei fullskalaøving med bortfall av alle digitale tenester, inkludert naudnett, DAB-radio, satellitt-kommunikasjon, etc.	Dette lyt gjennomførast som ei «table top» øving	2022	KKL i samarbeid med beredskapsgruppa
B4. Kommunen skal synleggjere korleis forskjellige risiko- og tryggleiksfaktorar kan verke inn på kvarandre ved neste revidering av ROS, spesielt i samband med IKT.	Vert følgt opp i samband med revisjon av ROS analyse	2021	KJG
B5. Kommunen skal kontrollere at planane vert reviderte jamleg for å sikre at dei blir levande dokument. Alle planar bør òg syna kva tid planane er reviderte og oppdaterte.	Beredskapsplanane ligg i Compilo og skal reviderast minimum årleg. Det er respektiv kommunalsjef eller rådmann som skal godkjenne revisjonen.	2021/2022	Kommunalsjef eller rådmann
B6. Kommunen skal etablere rutinar for dokumentasjon av gjennomgang av beredskapsplanar for tilsette.	Dette blir følgt opp, men skal skjerpast inn. Viktig å vera klar over at oppdaterte data om adresser og telefonnummer ligg på telefonen til tilsette. Papirlister er difor ikkje alltid oppdaterte på dette området.	Kontinuerlig	Einingsleiarane

B7. Kommunen skal etablere eit system der revidert plan må godkjennast av andre enn den som har ansvar for den konkrete planen for å bli rekna som revidert.	Sjå punkt B5	2022	Rådmann og kommunalsjefar
B8. Kommunen skal ha rutinar for å gjera skriftlege evalueringar i etterkant av øvingar.	Dette blir med nokre unnatak gjennomført i dag og, men skal innførast systematisk.	Kontinuerlig	Beredskapsgruppa
C1. Kommunen skal vurdere å inngå avtale om beredskap med fleire overnattingsstader i, eller i tilknytning til, kommunen.	Det er etablert avtale med Stord hotell. Det er etablert kontakt med to alternative overnattingsstader.	2021	Beredskapsgruppa
C2. Kommunen skal vurdere om dei tilsette bør vere meir aktivt med i revisjon av planane.	Sjå punkt C3	Kontinuerlig	Einingsleiarane
C3. Kommunen skal vurdere om tilsette kan gis opplæring i beredskapsarbeidet i eiga eining.	Skal vera tema på personalmøter for å etablere/halde ved like tryggleik i eiga eining.	2021 og vidare	Einingsleiarane i samarbeid med beredskapsgruppa

<p>C4. Kommunen bør vurdere å samle arbeidet med IT-tryggleik, plan for opplæring i IT-tryggleik og oppfølging av opplæring i IT-tryggleik på same stad i kommunen, for å sikre betre oversyn over den generelle IT-tryggleika</p>	<p>IT-tryggleiken i kommunen er organisert etter fire nivå: 1. Styrande (Rådmann) 2. Kontrollerande (Tryggleiksansvarleg) 3. Gjennomførande (IKT) 4. Daglege (Einingsleiarane) Me meiner dette er ei god organisering og i ein så pass oversikteleg organisasjon er det ikkje behov for å samle arbeidet.</p>		
--	--	--	--

HSC: Helena Schwartz

MMJ: Magnus Mjør

KJG: Knut J. Gram

Beredskapsgruppa har ansvar for:

- Revisjon av beredskapsplan
- Syta for at ROS analyser blir gjennomførte i kommunale einingar
- Justere endringar i beredskapsplan sidan siste gjennomgang
- Klargjere behov for og omfang av revisjon og rullering
- Avgjera føremålet med, kva deler av planverket og kva einingar som skal omfattast av revisjonen
- Avgjera om det er aktuelt å gjennomføre verifikasjonar og øvingar

Gruppa består av kommunalsjef Knut J. Gram, kommuneoverlege Lars Helge Sørheim, brannsjef Jan Ove Anthun, representant frå Fellestenester Helena Schwartz, representant frå løn og personal Randi Sveinsgjerd

Stord 14.07.21

Magnus Mjør
Rådmann

Knut J. Gram
Kommunalsjef



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2021/41-4
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	33/21	31.08.2021

Forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 10.09.2021.
3. Det vert akseptert ein samla timerressurs på inntil det timetal som går fram av prosjektplanen.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Stord kommunestyre fakturert etter treforbruk, inntil 6 timar.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 31.03.2022, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd, slik at den kan handsamast i kontrollutvalet i andre møte i 2022.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til vedlagte forslag til prosjektplan frå Deloitte på kva forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune bør innehalde og korleis dei har tenkt å gjennomføre arbeidet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg
1 Prosjektplan

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I sak PS 25/21 i møte i kontrollutvalet i Stord kommune 19.05.2021 vart dette protokollert:

«Handsaming i møte

Kontrollutvalet ønskjer at neste revisjon omhandlar førebyggjande arbeid for barn og unge. Utover omtale om slik prosjekt i kommunen sin «Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024», og tilhøyrande «Risiko- og vesentlegvurdering», kom slike innspel / moment fram i møtet:

- *Korona*
- *Familievold*
- *«Bak lukka dører»*
- *Rus*
- *Isolasjon*
- *Auke i psykiske vanskar blant unge.*
- *xx*

Forslag til vedtak, inkl. namngjeve prosjekt i pkt. 1, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. *Kontrollutvalet har intensjon om at det vert gjennomført slik revisjon: Førebyggjande arbeid for barn og unge*
2. *Utvalet ber den som er kommunen sin revisor pr. 01.07.2021 om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evt. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.*
3. *Utvalet ber om at prosjektplan vert levert til sekretariatet seinast 16.08.2021.*
4. *Kontrollutvalet handsamar prosjektplanen i møte 06.09.2021.»*

Vedtaket vart send til Deloitte, som den nye valde revisor, i ein e-post 16.06.2021.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har mynde til å gjennomføre forvaltningsrevisjonar medan det er kommunestyret som har mynde til å vedta revisjonsrapporten, jf. kommunelova § 23-3 og § 23-5.

Vurderingar og verknader

Med utgangspunkt i det som går fram over har Deloitte levert forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune. Prosjektplanen følgjer som vedlegg.

Av den føreslåtte prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

«Føremålet med prosjektet vil vere å undersøkje om Stord kommune har etablert eit systematisk og planmessig førebyggjande arbeid retta mot barn og unge, og om kommunen har ei føremålstenleg organisering av det førebyggjande arbeidet. Vidare vil det vere eit føremål å undersøkje om kommunen har etablert eit tilfredsstillande system for å sikre at samarbeid og samordning mellom ulike kommunale tenester er i samsvar med regelverket.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

- 1) *I kva grad har Stord kommune etablert eit systematisk og planmessig førebyggjande arbeid retta mot barn og unge?*
 - a) *Har Stord kommune etablert mål og planar for førebyggjande arbeid for barn og unge?*
 - b) *Har Stord kommune eit tilfredsstillande system for å kartlegge og sikre seg oversikt over oppvekstvilkår og helsesituasjonen blant barn og unge?*

- 2) *Har Stord kommune ei føremålstenleg organisering av tenestetilbodet med tanke på å sikre eit heilskapleg og godt koordinert førebyggjande arbeid for barn og unge? Under dette:*
 - a) *Er oppgåver og ansvar knytt til førebyggjande arbeid blant barn og unge tydeleg fordelt?*
 - b) *I kva grad er det etablert rutinar som skildrar ulike tenester sitt ansvar for*
 - i) *å avdekke forhold som kan indikere behov for førebyggjande tiltak retta mot barn og unge (t.d. psykisk helse- og/eller rusutfordringar og familievald)*
 - ii) *å drøfte tiltak med/involvere andre relevante tenester?*
 - c) *I kva grad fungerer modellen Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) i samsvar med intensjonen?*
 - d) *Er samhandlinga mellom kommunale einingar tilstrekkeleg for å sikre eit heilskapleg og godt koordinert førebyggjande arbeid?*
 - e) *I kva grad har det førebyggjande arbeidet retta mot barn og unge blitt påverka av covid-19 pandemien?*

- 3) *I kva grad har kommunen etablert system for å sikre at samarbeid og samordning mellom kommunale tenester er i samsvar med regelverket?*
 - a) *Er det etablert tilstrekkelege samarbeidsstrukturar og tverrsektorielle møteplassar mellom dei ulike velferdstenestene som arbeider opp mot barn og unge i kommunen?*
 - b) *Er det etablert system for melding om avvik/manglar i samhandlinga og for oppfølging av slike avvik/manglar?*

Deloitte har definert slik avgrensing

Forvaltningsrevisjonen vil undersøke kommunen sitt førebyggjande arbeid retta mot barn og unge opp til 18 år.

I dette revisjonsprosjektet vil Deloitte m.a. nytte dokumentanalyse, intervju, analyse av statistikk og verifisering og høyring som metodar. Revisjonen ønskjer å gjennomføre 10-12 intervju av utvalde personar frå Stord kommune som er involvert i førebyggjande arbeid for barn og unge.

Med utgangspunkt i det omfang som ligg i den føreslåtte prosjektplanen meiner sekretariatet at det kan forsvarast å bruke inntil det timetal som er føreslått.

Sekretariatet meiner vidare at prosjektplanen er godt gjennomarbeidd og i tråd med dei føringar som ligg i bestillinga frå kontrollutvalet. Føremål og problemstillingar synes også å vere i tråd med dette.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet godkjenner den føreslåtte prosjektplanen slik den nå ligg føre.

Når det gjeld timetalet vil sekretariatet tilrå at det vert godkjent inntil det timetal som går fram av prosjektplanen. Videre bør det akseptierast opsjon på ev. presentasjon av revisjonsrapporten for Stord kommunestyre fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.



Forvaltningsrevisjon | Stord kommune
Førebyggjande arbeid for barn og unge

Prosjektplan

August 2021

«Forvaltningsrevisjon av førebyggjande arbeid for barn og unge - prosjektplan»

August 2021

Prosjektplanen er utarbeidd for Stord kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen, 5892
Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhold

1	Føremål og problemstillinger	2
2	Revisjonskriterium	3
3	Metode	7
4	Tid og ressursbruk	8

1 Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i møte den 19. mai 2021, sak 25/21 utarbeidd ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøkje om Stord kommune har etablert eit systematisk og planmessig førebyggjande arbeid retta mot barn og unge, og om kommunen har ei føremålstenleg organisering av det førebyggjande arbeidet. Vidare vil det vere eit føremål å undersøkje om kommunen har etablert eit tilfredsstillande system for å sikre at samarbeid og samordning mellom ulike kommunale tenester er i samsvar med regelverket.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

- 1) I kva grad har Stord kommune etablert eit systematisk og planmessig førebyggjande arbeid retta mot barn og unge?
 - a) Har Stord kommune etablert mål og planar for førebyggjande arbeid for barn og unge?
 - b) Har Stord kommune eit tilfredsstillande system for å kartlegge og sikre seg oversikt over oppvekstvilkår og helsesituasjonen blant barn og unge?
- 2) Har Stord kommune ei føremålstenleg organisering av tenestetilbodet med tanke på å sikre eit heilskapleg og godt koordinert førebyggjande arbeid for barn og unge? Under dette:
 - a) Er oppgåver og ansvar knytt til førebyggjande arbeid blant barn og unge tydeleg fordelt?
 - b) I kva grad er det etablert rutinar som skildrar ulike tenester sitt ansvar for
 - i) å avdekke forhold som kan indikere behov for førebyggjande tiltak retta mot barn og unge (t.d. psykisk helse- og/eller rusutfordringar og familievald)
 - ii) å drøfte tiltak med/involvere andre relevante tenester?
 - c) I kva grad fungerer modellen *Betre Tverrfagleg Innsats* (BTI) i samsvar med intensjonen?
 - d) Er samhandlinga mellom kommunale einingar tilstrekkeleg for å sikre eit heilskapleg og godt koordinert førebyggjande arbeid?
 - e) I kva grad har det førebyggjande arbeidet retta mot barn og unge blitt påverka av covid-19 pandemien?
- 3) I kva grad har kommunen etablert system for å sikre at samarbeid og samordning mellom kommunale tenester er i samsvar med regelverket?
 - a) Er det etablert tilstrekkelege samarbeidsstrukturar og tverrsektorielle møteplassar mellom dei ulike velferdstenestene som arbeider opp mot barn og unge i kommunen?
 - b) Er det etablert system for melding om avvik/manglar i samhandlinga og for oppfølging av slike avvik/manglar?

1.3 Avgrensing

Forvaltningsrevisjonen vil undersøke kommunen sitt førebyggjande arbeid retta mot barn og unge opp til 18 år.

2 Revisjonskriterium

2.1 Innleiing

Revisjonskriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriteria under er ikkje uttømmende for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

2.2 Internkontroll

§ 13-1 i kommunelova omtalar kommunedirektøren sine oppgåver og mynde.

Her står det at kommunedirektøren skal leie den samla kommunale administrasjonen, med dei unntak som følger av lov, og innan dei instruksar, retningslinjer eller pålegg kommunestyret gir.

Det står vidare i § 25-1 at kommunedirektøren har ansvar for internkontrollen i kommunen og at internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa verksemda si storleik, størrelse, eigenart, aktivitetar og risikoforhold. Ved internkontroll etter § 25-1 skal kommunedirektøren:

- a) utarbeide en beskrivelse av virksomhetens hovedoppgaver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutiner og prosedyrer
- c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll

2.3 Kommunen sitt ansvar for førebyggjande tenester

Etter folkehelselova § 4 første ledd skal kommunar fremme befolkninga si helse, trivsel og gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning, bidra til utjamning av sosiale helseskilnader og bidra til å verne befolkninga mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa.

§ 5 i folkehelselova set krav til at kommunen skal ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei positive og negative faktorane som kan verke inn på denne. Oversikta skal baserast på:

- a) opplysninger som statlige helsemyndigheter og fylkeskommunen gjør tilgjengelig etter §§ 20 og 25,
- b) kunnskap fra de kommunale helse- og omsorgstjenestene, jf. helse- og omsorgstjenesteloven § 3-3 og
- c) kunnskap om faktorer og utviklingstrekk i miljø og lokalsamfunn som kan ha innvirkning på befolkningens helse

Det går fram av § 5 andre ledd at denne oversikta skal vere skriftleg og identifisere folkehelseutfordringar i kommunen, under dette konsekvensar og årsaksforhold. Det blir understreka at kommunen særskilt skal vere merksam på trekk ved utviklinga som kan skape eller oppretthalde sosiale eller helsemessige problem eller sosiale helseskilnader.

Ulike særlover set også krav til førebyggjande tenester for barn og unge i kommunane:

- Helse- og omsorgstenestelova § 3-1 set krav til at kommunen skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om nødvendige helse- og omsorgstenester. Kommunen sitt ansvar omfattar alle pasient- og brukargrupper, under dette personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller lidning, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne. I § 3-2, 1. og 4. ledd, går det fram at kommunen for å oppfylle ansvaret etter § 3-1 mellom anna skal tilby helsefremmande og førebyggjande tenester, under dette helsetenester i skular og helsestasjonsteneste. Vidare skal kommunen tilby utredning, diagnostisering og behandling¹.
- § 9 A-2 i opplæringslova set krav til at skulen skal sikre eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Det går vidare fram av § 9 A-3 andre ledd at skulen skal førebyggje brot på retten til eit

¹ Herunder fastlegeordning

trygt og godt skulemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremje helsa, trivselen og læringa til elevane. Opplæringslova si § 9 A-4 skildrar vidare skulane si aktivitetsplikt for å sikre at alle elevar har eit trygt og godt skulemiljø.

- I barnehagelova er det frå 2021 også innført aktivitetsplikt (jf. § 42). Det går vidare fram av § 41 andre ledd i barnehagelova at «barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna».
- Kommunen skal, ifølge barnevernslova § 3-1, følge nøye med i dei forholda barn lever under, og har ansvar for å finne tiltak som kan førebygge omsorgssvikt og åtferdsproblem. Det går vidare fram at «barneverntjenesten har spesielt ansvar for å søke avdekket omsorgssvikt, adferds-, sosiale og emosjonelle problemer så tidlig at varige problemer kan unngås, og sette inn tiltak i forhold til dette». I § 4-4 set barnevernslova krav til at barnevernstenesta skal bidra til å gi det enkelte barn gode levevilkår og utviklingsmoglegheiter ved råd, rettleiing og hjelpetiltak. Hjelpetiltaka skal ha som formål å bidra til positiv endring hos barnet eller familien.

I opptrappingsplan for barn og unges psykiske helse (2019-2024)² blir det i kapittel 4.2.1 om styrking av det tverrfaglege samarbeidet i barnehage og skule poengtert at kommunen sitt ansvar for at alle barn og unge får ein god oppvekst mellom anna blir ivaretatt i barnehagar og skuler, PP-tenesta og helsestasjons- og skulehelsetenesta. Det blir peikt på at barn og unge er store deler av dagen i barnehagen og på skulen, og at dette difor er viktige arenaar for å førebyggje, oppdage og følge opp psykiske plager og andre utfordringar.

I den nasjonale rettleiaren for tidleg oppdaging av utsette barn og unge³ blir det gitt ei sterk tilråding om at kommunen si leiing bør syte for at relevante verksemder der tilsette møter barn og unge i sitt daglege arbeid har rutinar for korleis dei tilsette kan handle på bakgrunn av ei bekymring for barn og unge. Det blir vidare peika på at rutinane bør vere kjende for mellom anna tilsette i barnehagar, skular og helse- og omsorgstenester som har regelmessig oppfølging av barn og unge. Rettleiaren set vidare krav til kva punkt som bør inngå i rutinane, mellom anna systematisk observasjon og dokumentasjon av vedvarande teikn og signal som gir grunnlag for bekymring.

2.3.1 Samarbeid og samordning mellom kommunale tenesteområde

Etter folkehelselova § 4 andre ledd skal kommunen fremje folkehelse innan dei oppgåver og med dei verkemidlane kommunen er tillagt, under dette lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tenesteyting.

Kommunane står i utgangspunktet fritt til å organisere tenesteapparatet slik dei sjølv meiner er mest føremålstenleg, men dei har ansvar for å samordne sine tenester. § 3-4 i helse- og omsorgstenestelova stiller krav til at det skal leggjast til rette for samhandling mellom ulike deltenester i kommunen⁴ og med andre tenesteytarar der dette er nødvendig for å tilby tenester omfatta av helse- og omsorgstenestelova.

Det går fram av § 3-2 i barnevernslova at barnevernstenesta skal medverke til at barn sine interesser blir ivaretatt også av andre offentlege organ. Vidare går det fram at

Barneverntjenesten skal samarbeide med andre sektorer og forvaltningsnivåer når dette kan bidra til å løse oppgaver som den er pålagt etter denne loven. Som ledd i disse oppgavene skal barneverntjenesten gi uttalelser og råd, og delta i den kommunale og fylkeskommunale planleggingsvirksomhet og i de samarbeidsorganer som blir opprettet.

Opplæringslova set i § 15-8 krav til at skulen skal samarbeide med relevante kommunale velferdstenester om vurdering og oppfølging av barn og unge med helsemessige, personlege, sosiale eller emosjonelle vanskar. Plikta gjeld både i enkeltsaker og samarbeid utover oppfølginga av konkrete elever.

§ 13-5 i opplæringslova set vidare krav til at skulen skal samarbeide med barnehagen om barna sin overgang frå barnehage til skule og skulefritidsordning (jf. § 2 a. i barnehagelova). Det går fram at samarbeidet skal bidra til at barna får ein trygg og god overgang, og at det skal utarbeidast ein plan for overgangen. § 15-3 skildrar vidare skulen si opplysningsplikt til barnevernet, samt merksemdsplikta som seier at

Tilsette i skolen skal i arbeidet sitt vere merksame på forhold som kan føre til tiltak frå barnevernstenesta.

² Prop.121 S (2018-2019). Opptrappingsplan for barn og unges psykiske helse (2019-2024). Helse- og omsorgsdepartementet.

³ Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge. Nasjonal veileder. Helsedirektoratet. Sist fagleg oppdatert 3. desember 2019.

⁴ Omgrepet «delttenester i kommunen» viser til andre velferdstenester som kommunen har ansvar for, til dømes kommunalt barnevern og grunnskule. Prop.100 L (2020-2021). Endringer i velferdstjenestelovgivning (samarbeid, samordning og barnekoordinator). Kunnskapsdepartementet.

Regjeringa set i Meld. St.6 (2019-2020)⁵ følgende mål for tverrfagleg samhandling:

- Barn og unge som trenger hjelp, blir oppdaget tidlig og får hjelp uavhengig av om utfordringene gjelder lærevansker, psykisk eller fysisk helse, familiesituasjon eller annet.
- Barn og unge og deres familier/foresatte får den helhetlige oppfølgingen de trenger av ulike tjenester.
- Tverrfaglig samarbeid skal bidra til at alle barn opplever et godt og inkluderende oppvekst-, leke- og læringsmiljø.
- Tverrfaglig samarbeid skal bidra til at flere gjennomfører videregående opplæring.

Det blir i denne meldinga til Stortinget understreka at kommuneleiinga har ei sentral rolle i arbeidet med å skape kultur for samarbeid og felles engasjement for barn si utvikling i heile kommunen som organisasjon.

I lovvedtak 143 (2020-2021) blei det i juni 2021 vedtatt av Stortinget å innføre endring i 14 lovar, knytt til mellom anna innføring av samordningsplikt for kommunen ved yting av velferdstjenester og innføring av rett til barnekoordinator. Nokre av lovene som får endringar er barnevernlova⁶, familievernkontorlova⁷, opplæringslova⁸, barnehagelova⁹, helse- og omsorgstenestelova¹⁰ og integreringslova¹¹. Lovendringane vil mellom anna medføre at skulefritidsordninga og PP-tenesta blir inkludert i samarbeidsføresegnene i opplæringslova og at dei ulike velferdstjenestene pliktar å samarbeide med andre velferdstjenester når det er nødvendig for å gi tenestemottakaren eit heilskapleg og samordna tenestetilbod. Vidare inneber lovendringane ei plikt til å samarbeide utover oppfølginga av konkrete tenestemottakarar, slik at tenesta sjølv og dei andre tenestene kan ivareta sine oppgåver etter lov og forskrift. Det er per 11. august 2021 ikkje avklart når endringane i lovene trer i kraft, og det går fram av lovvedtaket at dei enkelte bestemmingane kan setjast i kraft til forskjellig tid.

I forarbeid til lovendringane¹² blir det vist til eit behov for ei betre og sterkare samordning av tenester til barn og unge. Det blir peikt på at ulike velferdstjenester per i dag har ulike samarbeidsplikter og at nokre velferdstjenester, til dømes skulefritidsordninga, ikkje er omfatta av eksisterande samarbeidsplikter. Proposisjonen viser vidare til at tverrsektorielt samarbeid mellom ulike kommunale tenester og mellom kommunale tenester og spesialisthelsetenesta er avgjerande for å sikre god kvalitet og samanheng i tenestene til barn og unge med samansette vanskar og lidningar.

Det går vidare fram av forarbeida at føremålet med endringane er å styrke oppfølginga av utsette barn og unge (og deira familiar) gjennom auka samarbeid mellom velferdstjenestene. Det blir skilt mellom kva som ligg til samarbeid i enkeltsaker og samarbeid utover oppfølginga av enkelte barn eller ungdommar:

Samarbeid mellom velferdstjenestene *i enkeltsaker* er viktig for at hjelpen de gir, skal være helhetlig og samordnet. Samarbeid i enkeltsaker bidrar til at det enkelte barn eller den enkelte ungdom får den hjelpen han eller hun trenger.

Samarbeid mellom velferdstjenester *utover oppfølgingen av enkelte barn eller ungdommer* handler om å ha klare samarbeidsstrukturer og tverrsektorielle møteplasser som gjør at de ulike velferdstjenestene får kunnskap om oppgavene til andre velferdstjenester, og kunnskap om hvilke tilbud og tjenester de tilbyr.

Vidare blir det slått fast at denne typen samarbeid er viktig for at velferdstjenestene skal vere i stand til å avdekke barn og unge sine behov for andre tenester så raskt som mogeleg, og for at dei skal vite kven som har ansvaret for å gi den aktuelle hjelpa. Det blir peika på at barn og unge sine utfordringar kjem til uttrykk på tvers av sektorinndelingane og at samarbeid på tvers difor er nødvendig for at kommunen og dei ulike velferdstjenestene skal lukkast med det førebyggjande arbeidet.

2.4 Kommunale styringsdokument og vedtak

Stord kommune har implementert modellen betre tverrfagleg innsats for barn og unge (BTI-modellen). BTI-modellen er ein samhandlingsmodell som skildrar den samanhengande innsatsen i og mellom tenester retta mot

⁵ Meld.St.6 (2019-2020). Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO. Kunnskapsdepartementet.

⁶ Ny § 3-2 om samarbeid og samordning og § 3-2 a. om rett til individuell plan

⁷ Ny § 1a. om samarbeid og samordning,

⁸ §3-6, nytt andre ledd om tverrfagleg samarbeid i oppfølgingstenesta, ny § 4A-14 om samarbeid og samordning, § 15-3 om opplysningsplikt til barnevernet, § 15-4 om opplysningar til den kommunale helse- og omsorgstenesta og sosialtenesta og § 15-8 om samarbeid og samordning

⁹ Ny § 2 b om samarbeid og samordning og § 45 om opplysningar til den kommunale helse- og omsorgstenesta og sosialtenesta

¹⁰ § 3-4 om kommunen si plikt til samarbeid og samordning, § 6-2 om krav til avtalen sitt innhald, ny § 7-2 a. om barnekoordinator

¹¹ § 41, § 48 første ledd, ny § 50 om samarbeid og samordning

¹² Prop.100 L (2020-2021). Endringer i velferdstjenestelovgivning (samarbeid, samordning og barnekoordinator). Kunnskapsdepartementet.

gravide, barn, unge og familiar som det er knytt ei bekymring til. På kommunen sine nettsider om BTI-modellen¹³ går det fram at intensjonen er at modellen skal bidra til tidleg innsats, samordna tenester og foreldreinvolvering. Andre relevante kommunale styringsdokument og vedtak kan bli nytta som revisjonskriterium.

¹³ Stord.betreinnsats.no

3 Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldende standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Alle prosjekt blir kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og kommunale vedtak vil bli gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare vil informasjon om kommunen og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk mm. bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

3.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervjuje utvalde personar frå Stord kommune som er involvert i førebyggjande arbeid for barn og unge. Dette inkluderer til dømes representantar frå skule, helsestasjon/skulehelsetenesta, barnehage og barnevern, samt tilsette som er involvert i arbeid med betre tverrfagleg innsats. Vi tek sikte på å gjennomføre om lag 10-12 intervju.

3.3 Analyse av statistikk

Revisjonen vil nytte tilgjengeleg statistikk på området, til dømes oppvekstprofil levert av folkehelseinstituttet (FHI), for å få bakgrunnsinformasjon om eventuelle utfordringar kommunen har på oppvekstområdet.

3.4 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervjuja for verifisering, og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Datadelen av rapporten vil bli sendt til rådmannen for verifisering, og eventuelle faktafeil vil bli retta opp i den endelege versjonen. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdelar og eventuelle forslag til tiltak, bli sendt til rådmannen for uttale. Rådmannen sin høyringsuttale vil bli vedlagt den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

4 Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Birte Bjørkelo er oppdragsansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av prosjektleiar Kjersti Gjuvsland og prosjektmedarbeidar Marie Flood. Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningsliner, samt med nødvendig kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 300 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetalet som er presentert over.


Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil vere september 2021 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan utgangen av mars 2022. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det nødvendig at kommunen sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir satt, og at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju.

Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Stord kommune og Deloitte.

Bergen, 12. august 2021



Birte Bjørkelo

Oppdragsansvarleg partner

Deloitte.

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 330,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2021 Deloitte AS



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/140-36
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	34/21	31.08.2021

Budsjett 2022 for kontrollarbeidet i Stord kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtar forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Stord kommune for 2022 inkludert endringar som blir gjort i møtet.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2022.

Samandrag

Kontrollutvalet har ansvar for utarbeiding av forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Forslaget skal følgja innstillinga til årsbudsjett til kommunestyret, som gjer endeleg vedtak i budsjettsaka.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Budsjett 2022 (taldel) for kontrollarbeidet i Stord kommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Av forskrift for kontrollutvalg og revisjon kan ein i § 2 «*Kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjett for kontrollarbeidet*» lesa:

«Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.»

Kontrollutvalet sine oppgaver: (Kommunelova)

§ 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.

§ 23-3 Forvaltningsrevisjon

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.»

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.»

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

§ 23-4 Eierskapskontroll

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.»

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.»

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Av dette går det fram at utvalet har eit omfattende lovpålagt kontrollansvar på vegne av kommunestyret i Stord kommune. For at kontrollutvalet skal kunna ivareta dette kontrollansvaret på ein tilfredsstillande måte, i tråd med lovkravet, krevst det at kommunestyret stiller tilstrekkeleg med budsjettmidler til disposisjon. Det at kontrollutvalet blir gjort i stand til å ivareta sitt

kontrollansvar, bl.a. ved å få tilført tilstrekkelig med budsjettmidlar, vil bidra til å styrka utvalet sin uavhengigheit og legitimitet.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet skal utarbeida budsjettforslag for kontrollarbeidet, medan det er kommunestyret som har vedtakskompetansen i saka, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet er gjeve ansvaret i høve kommunelova § 2 til å utarbeida budsjettforslag for kommunen sitt kontrollarbeid. Budsjettforslaget vert innstilt direkte til politisk organ då det er administrasjonen som i hovudsak vert gjenstand for kontroll og revisjon.

For revisjonstenestene er det teke utgangspunkt i inneverande budsjettår, samt ny avtale med ekstern revisor med oppstart 01.07.2021. For kommunar av Stord kommune sin storleik tilrår sekretariatet at det vert budsjetteret med 400 timar til forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester, i tillegg til rekneskapsrevisjon, inkl. attestasjonar mv. Mange kommunar løyver ein sum til ekstra tiltaksmidlar, som ein buffert. Det er tilrådd her og.

Vidare er det lagt til grunn at det vanlegvis er 5 møter i kontrollutvalet for året, med om lag like stor saksmengde som «eit vanleg år».

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste for medlemene i kontrollutvalet er budsjettert i høve reglement.

Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) er eit fagleg forum for kontrollutvala i Noreg og deira sekretariat. Stord kommune har vore medlem sidan 2009. Kontingenten, jmf. årsmøtevedtak er på kr. 9.700 for kommunar med Stord kommune sitt innbyggartal. Løyvinga har over mange år kun vore nok til å dekkja halve kontingenten, men ein er jo ikkje medlem i organisasjonar eller faglege forum berre kvart vårhalvår. Det hadde vore hyggeleg om løyvinga for 2022 vart reell ift. kva kontingenten faktisk er.

Vedr. sekretariatskostnadene så er dei konsumprisregulert ift. avtale.

Forøvrig er det budsjettert med at medlemmar i kontrollutvalet kan delta på ein nasjonal fagleg kontrollkonferanse, samt servering på utvalsmøta. Annakvart år er det ein større fagkonferanse for kontrollutvala i tidlegare Hordaland fylke, der utvalet har vore godt representert sidan 2012. Dette må og takast omsyn til i partalsår.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett, inkludert dei endringar som evt. vert gjort i møtet.

Budsjettforslag for kontrollutvalet i Stord kommune for 2022

Konto	Tekst	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Merknad
10802	Utval / leiargodtgjersle	kr 40 000	kr 100 000	kr 98 800	Utvalsleiar 10% av løn stortingsrepr
10803	Møtegodtgjersle	kr 18 000	kr 18 000	kr 19 562	Timesats 0,02% av stortingsrepr.
10804	Tapt arbeidsforteneste	kr 11 000	kr 11 000	kr 11 000	
